

# Aad Wisse kurs i kjernefrukt 4. og 5. nov.

Sognefrukt og NLR Sogn og Fjordane inviterar til kurs med Aad Wisse. Denne gangen har vi delt det på 2 dagar. Vi lagar eit eige opplegg for Celina den 4. og fokuserar på eple den 5.

**For opplegget med Celinaplanting inviterar me alle som har eller skal planta Celina både frå Sognefrukt sine medlemar og andre i landet. Dette programmet er difor sendt til mottaka og NLR som er med i pæreprosjektet.**

## Program:

### Onsdag 4. november.

14.00 Hagevandring hjå Grete Hamre. Sjå på Celinafelt planta i august 2015  
Parkering på Sognefrukt. Feltet ligg rett over veggen der.

15.00 Hagevandring hjå Aud Halland Molvik. Sjå Celinafelt planta august 2014. Orientering frå Aud på kva som er gjort av stell frå planting til no.  
Parkering ved tinghuset

16.00-16.45 Matøkt med varmrett på Sognefjord Hotell

16.45-16.00 Orientering om Celina av Stein Harald Hjeltnes

17.00-19.00 Presentasjon av Aad Wisse med gjennomgang av korleis følja opp plantene framover.  
Skjering og gjødsling.

**Sidan det er lagt inn eit måltid på Sognefjord Hotell må vi her ha ei påmelding innan torsdag 29. oktober til [post@sognefrukt.no](mailto:post@sognefrukt.no) eller tlf. 57 65 34 77**

**Medlemar av Sognefrukt som har planta Celina har møteplikt på kurset.**

### Torsdag 5. november

09.00-11.00 Hagevandring hjå Teje Fosshagen. Her ser vi på yngre plantingar av eple opp til 4-5 år gamle.

11.15-12.00 Hagevandring hjå Tor Yttri. Her ser vi på Discovery planta i august 2013.

12.00-12.45 Avsett til lunsjpause.

13.00-13.50 Hagevandring hjå Helge Fimreite

14.00-15.30 Hagevandring hjå Svein Jarle Slinde og Olav Helge Ylvisåker

Fokuset denne dagen er stell av yngre felt.

Denne dagen er det ikkje påmelding. Møt opp der det passar best, eller ver med heile dagen.